



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Utdanningsavdelinga

Vår ref.: 2003/20918
Arkivnr.:

Dykkar ref:
Vår dato : 12.12.2003

Tilbakemelding etter besøk i Tysvær kommune 14.10.03

Fylkesmannen i Rogaland, Utdanningsavdelinga, var på kontakt- og tilsynsbesøk i Tysvær kommune 14.10.03. Skolevurdering og kvalitetsutvikling var hovedtema for besøket. Temaet blei klargjort gjennom samtalar/intervju med representantar frå leiinga i kommunen, samt skoleleiarar og representantar for lærarar, foreldre og elevar frå Hervik skule og Frakkagjerd ungdomsskole

Del 1:

Første del av kommunebesøket var sett av til strukturerte samtalar/intervju med informantar frå skole og PPT.

Del 2:

Andre del av kommunebesøket var sett av til informasjon/drøfting av aktuelle tema som kommunen hadde uttrykt ønskje om å sette på dagsorden.

Følgjande personar deltok ved kontakt- og tilsynsbesøket:

Frå Tysvær kommune	Reidar Pedersen	ordførar
	Arne Jensen	rådmann
	Bjarne Håvik	kommunalsjef
	Vidar Aarhus	konstituert skule- og barnehagesjef
	Borghild Yrkje	rektor, Hervik skule og barnehage
	Kåre Sætre	rektor, Frakkagjerd ungdomsskole
	Sigdis Skau	leiari PPT
	Kjetil Anthun	lærar, tillitsvald Frakkagjerd ungdomsskole
	Lars Helge Kvinnnesland	lærar, tillitsvald Hervik skule og barnehage
	Gro Rossehaug	foreldrerepresentant, Frakkagjerd ungdomsskole
	Astrid Lindanger	foreldrerepresentant, Frakkagjerd ungdomsskole
	Anbjørg Ørke	foreldrerepresentant, Hervik skule og barnehage
	Birgitte Andersen	elevrepresentant, Frakkagjerd ungdomsskole
	Kristine Aarstun Dahlseng	elevrepresentant, Frakkagjerd ungdomsskole
	Morten Hettervik	elevrepresentant, Hervik skule og barnehage
	Kiv Jorunn Hettervik	elevrepresentant, Hervik skule og barnehage
Frå Fylkesmannen i Rogaland	Svein Helgesen	utdanningsdirektør
	Audun Gjerde	rådgivar
	Rune Andersen	rådgivar

DEL 1

Intervju/samtalar med fokus på lokal skolevurdering og kvalitetsutvikling

Samtalane tok utgangspunkt i eit sett av spørsmål som vert nytta ved kontakt- og tilsynsbesøk i alle kommunar. Fleirtalet av spørsmåla er felles for alle informantgruppene. Samtalane var organisert gruppevis. Hovudtema i samtalane er kommunen/skolane sitt arbeid med lokal skolevurdering og kvalitetsutvikling, med basis i forskrift til Opplæringslova, §2-1:

” Skolen og lærebedrifta skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i den generelle delen av læreplanen og dei enkelte læreplanane for fag.

Kommunen og fylkeskommunen har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene.”

Planar i samband med lokal skolevurdering og kvalitetsutvikling

Tysvær kommune har gode rutinar på området både på kommune/skolenivå. Desse er m.a. skriftleggjorde i form av ein overordna strategiplan for kvalitetsutvikling i grunnskolen for Nord 2-kommunane, ein tiltaksplan for kvalitetsutvikling i grunnskolen i Tysvær og tiltaksplanar for den einskilde skolen og PPT. I tillegg kan kommunen vise til eigen plan for vaksenopplæring, årsmelding for skole og barnehageetaten og rapportar knytt til ulike brukarundersøkingar.

Ekstern deltaking i skolebasert vurdering

PPT er aktivt med i arbeidet med kvalitetsutvikling i skolane i Tysvær kommune. I tillegg til rolla som sakkunnig innstans i vurderinga av spesialpedagogiske tiltak på individnivå og organiseringa av desse, har PPT sett fokus på meir systemretta arbeid i skolen. Observasjon av elevane i klassen har bidratt til større heilskap og meir målstyrde tiltak. Skolen opplever PPT sin nærliek og oppfølgjing i skolekvardagen som god.

I samarbeid med dei andre kommunane i Nord 2-nettverket og Høgskolen Stord/Haugesund har Tysvær også utdanna eit korps av vurderingsrettleiarar. Desse rettleiarane blir nytta til å vidareutvikle skolane i kommunen i arbeidet med skolebasert vurdering. Erfaringane er svært gode. Nord 2-nettverket har, på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland, også medverka til erfaringsspreiing av prosjektet til andre kommunar i fylket.

Evaluering av arbeidet med lokal skolevurdering

Verksemndplan, årsmeldingar, brukarundersøkingar, kartleggjingsprøver, karakterstatistikkar og medarbeidar-/kollegabaserte samatalar er verktøy som blir nytta i det samla arbeidet med skolevurdering og kvalitetsutvikling i Tysvær kommune. Dei ulike aktørane i skolesystemet er kjende med rutinane, og oppfølginga frå kommunalt hald sikrar godt samsvar mellom teori og praksis. Skole- og barnehagesjefen er oppteken av at skolane i Tysvær tek kravet om systematisk vurderingsarbeid på alle nivå på alvor.

Leiinga på kommune-/skolenivå legg vekt på eit nært samarbeid med foreldra i skolen, noko som er avgjerande for å kunne sikre og vidareutvikle gode rutinar for intern vurdering. Skolevurdering og kvalitetsutvikling er tema på rektormøte, personalmøte og foreldremøte. I tilsynsrapporten frå kommunebesøket i 2000 fekk ein inntrykk av at samarbeidet mellom heim og skole i Tysvær varierte frå skole til skole og ikkje alltid var så godt som ein kunne ønskje. Tilbakemeldingane frå intervjurunden denne gongen er meir positive, der det blir peika på god informasjon og samhandling mellom heim og skole.

DEL 2**Aktuelle saker/tiltak i Tysvær kommune – orientering og drøfting*****Besøk på Straumen skole***

Straumen skole blei av Læringssenteret vald ut som bonusskole i 2003. Gjennom prosjektet ”ULIKT (Uteliv og IKT) viser skolen kreativitet og pedagogisk nytenking i begynnarpoplæringa. Prosjektet har fått omtale i media, og personale frå ca. 20 skolar har hospitert ved skolen. Resultatet av prosjektet viser m.a. auka lese-/skrivelyst hos elevane, betre samarbeid mellom skole/heim og sterkare fokus på elevmedverknad. Dette byggjer opp under Tysvær kommune sine satsingsområde dei siste åra.

Omlegging av prosedyre ved tildeling av spesialpedagogiske ressursar

Tysvær kommune har dei siste åra arbeidd med ei omlegging innanfor området tilpassa opplæring og spesialundervisning. Bakgrunnen for snuoperasjonen låg m.a. i at kommunen for få år tilbake hadde svært mange klager på vedtak om spesialundervisning, og ønskte å flytte fokus frå spesialundervisning til tilpassa opplæring for alle.

Kommunen orienterte i møtet om dei nye prosedyrane. Utdanningsdirektøren understreka at § 5 i Opplæringslova krev at alle enkeltvedtak om spesialundervisning må gjerast ut frå individuell vurdering. Kommunen kan derfor ikkje gjere slike vedtak med grunnlag i på førehand fastsette kriterium, eller ut frå gitte budsjetttrammer foreta prosentvis reduksjonar som gjeld generelt for alle elevane som har fått innvilga enkeltvedtak.

Kommunen vil ha nærmare dialog med fylkesmannen om desse spørsmåla, med utgangspunkt i brev med konkrete døme på tilråding og enkeltvedtak i tråd med dei nye prosedyrane.

ZERO-programmet i Tysvær

Tysvær kommune har i 2003 sett inn store økonomiske ressursar for å følgje oppfordringa frå departementet om å ha eit kontinuerleg fokus på læringsmiljøet og arbeidet mot mobbing, vald og rasisme. Null-toleranse overfor mobbing og aktiv involvering i heile skolemiljøet er sentrale omgrep i programmet, der tilsette, elevar og foreldre i heile kommunen kan oppleve å få eit eigarforhold til satsingsområdet.

For å nå desse måla må kvar skole som deltar forplikte seg til å gjennomføre nokre kjernetiltak:

- To elevundersøkingar om mobbing blant elevane
- Konkrete tiltak overfor elevar i undervisningssituasjonen kvar veke
- Konkrete tiltak i samband med inspeksjon i friminutt
- Konkrete tiltak overfor føresette på foreldremøte og konferansar
- Utvikle handlingsplan mot mobbing gjennom ein prosess der alle tilsette, som har med elevar å gjere, er aktivt med.

Skolane i Tysvær kommune er godt i gang med dette arbeidet.

OU-arbeidet i Tysvær

Kommunen har i samband med eiga organisasjonsutvikling m.a. fokus på følgjande område:

- Leiingsideologi
- Behalde og vidareutvikle høg fagkompetanse i kommunen.
- Sjå heilskapen mellom dei ulike kommunale sektorane
- Økonomistyring og forvaltning
- Etablering av eit kommunalt kundetorg/servicetorg

Frå 1.jan. 2004 blir den tradisjonelle skole- barnehageetaten erstatta med Resultatområde oppvekst, og avdelingsleiarane for skole og barnehage får status som skolesjef og barnehagesjef. Bemanninga på det tradisjonelle ”skulekontoret” blir delvis lagt i stab under rådmannen og delvis integrert m.a. i det nyopprettet kundetorget.

Oppsummering/vurdering

Følgjande oppsummering/vurdering frå utdanningsdirektøren byggjer i hovudsak på inntrykka frå samtalar og informasjon under kontakt- og tilsynsbesøket, samt frå gjennomgang av skriftleg materiale innsendt frå kommunen i førekant av besøket:

Tysvær kommune synest å ha etablert gode rutinar når det gjeld strategiarbeid, verksemplar og satsingstiltak på kommune-/skolenivået. Kommunen har definert satsingsområde og mål for arbeidet i skolen, med grunnlag i innsikt og tenking kring framtidige utfordringar. Struktur, dynamikk, motivasjon og utviklingskraft pregar kommunen. Utdanningsdirektøren ser dette som eit godt grunnlag for vidare lokalt forankra arbeid med evaluering og oppfølgjing av lokale kvalitetsutviklingsmål, ikkje minst i møte med dei nye utfordringane som nasjonalt vurderingssystem vil representere.

Den nye organisasjonsmodellen og heilskaptenkinga bak det som foregår i Tysvær synest å støtte opp om ambisjonane om å ivareta ein god lokal skole. Utdanningsdirektøren oppfordrar kommunen til å halde fast på dette i det vidare omorganiseringsarbeidet. Planar med forankring i leiinga på alle nivå, og med kommunen som aktiv skoleeigar, er ein viktig føresetnad for å kunne ivareta samordning og god utvikling. Resultata frå den siste arbeidsmiljøundersøkinga i skolane er svært interessante og gode og stadfestar denne positive tendensen.

Under utdanningsdirektøren sitt tilsynsbesøk i 2000 vart det peika på at informasjon og samhandling mellom heim og skole kunne bli betre, og at det var sprik mellom kva foreldra forventa av skolen og kva skolen oppfatta som foreldra sine ønskje. Ferske brukarundersøkingar indikerer nå at kommunikasjonen mellom partane har utvikla seg svært positivt, og at foreldra engasjerer seg i skolen sitt lokale utviklingsarbeid.

Det er viktig å unngå at foreldre opplever kontakten med skolen mest som einvegskommunikasjon, med mykje informasjon og lite dialog. Kvaliteten på samarbeid og kontakt bør ikkje bli for avhengig av den enkelte læraren. Spesielt ved små og oversiktlege skolar, som Tysvær har fleire av, bør ikkje kontakten i for sterk grad baseraast berre på munnlege rutinar. Erfaring viser at formalisering og skriftleggjering av rutinar gir den beste garantien for eit samarbeid som er forpliktande for alle partar.

Foreldra synest å ønske ei styrking av FAU og SU si rolle. Skolen og dei føresette er einige om at betre dialog og sterkare medverknad føreset at foreldra har reell vilje til å engasjere seg.

Når det gjeld ansvarleggjering og involvering av elevane synest Tysvær kommune, som svært mange andre kommunar, framleis å ha eit klart utviklingspotensiale. Utfordringa ligg i å kombinere fridom og ansvar på ein forsvarleg måte. Utdanningsdirektøren vil utfordre kommunen til å arbeide konkret med sikte på å styrkje elevane sin reelle medverknad på eigen kvardag og læringsssituasjon, sett på bakgrunn av alder og modningsnivå. Det gjeld både i høve til planlegging og gjennomføring av læringsarbeidet på klassenivå og i høve til skolen sitt overordna planarbeid.

Utdanningsdirektøren vil vidareføre dialogen med Tysvær kommune om prosedyrar og rutinar i samband med sakkunnig tilråding og enkeltvedtak om spesialundervisning, i tråd med overordna intensionar og gjeldande lov- og regelverk på området.

Utdanningsdirektøren vil til slutt takke Tysvær kommune for eit hyggeleg og godt tilrettelagt besøk, god informasjon og konstruktiv dialog.

Med helsing

Svein Helgesen
utdanningsdirektør

Rune Andersen
rådgivar

*Saksbehandlar: Rune Andersen
Saksbehandlars telefon: 51 56 87 37
E-post: rune.andersen@fm-ro.stat.no*